

## 50 -årsjubileet på Nordfjordhytta laurdag 11. september 2010

I år er det 2010. Trekker ein ifrå 50 år får ein 1960. Då var eg 12 år. Dei fleste på hytta denne laurdagskvelden er eldre sjølve enn hytta. Men for dei fleste var det slik at dei kom til hytta først seinare i livet, så på den måten var det slik at hytta var der først og så kom folka. Men så er der ei særskild klasse folk som vi kaller pionerane. Det er dei som var der aller først og førte opp sjølve hytta.

Denne kvelden var nokre av pionerane til stades, og det trur eg var stor stas for dei. Det var som Jacob Elde sa: "Hytta er i flott stand og det er eg takksam for!" Han minst den gongen at Åge sunde (tilstades) lå langflat på ryggen og høvla plank for handkraft. Strøm hadde dei ikkje, må vite. Det var også stas for oss andre å høyre historia om korleis hytta kom til, eller rettare sagt hyttene, for det var to hytter å snakke om her.

Den fyrste var ved Aurevann i Lommedalen. Den blei oppført i 1951. Den lå særst fint til i forhold til skiløypene og der var også fint å bade om sommaren. Diverre blei hytta ekspropriert av kommunen som skulle bruke Aurevann som basseng i eit nytt vassverk. Dei fekk høve til å nytte hytta fram til januar 1954. Hyttebygginga hadde ført med seg stor aktivitet i laget. Ein trengte ei ny hytte...

Den nye tomta på Solfjell blei kjøpt i 1954. På årsmøte i 1956 vart det valt ei byggenemd og i 1958 ble det vedteke bygging av ei arkitekttegna hytte på 85 kvadratmeter. Prisoverslaget var på 32.000 kroner. Ein søndag i august 1959 vart det halde kranselag og den 4. desember 1960 blei hytta overlevert til laget på ein årsfest. Totalt gikk det med 800 dagsverk og 640 av desse var utført av berre 12 mann! Og kostnadsoverslaget haldt! Historia om korleis alt dette gikk til i detalj vart lest opp av Dagfinn Aa etter eit referat frå 22. september 1990, altså 40-årsjubileet. Den gang blei historia fortald av Leif Aagjeld som sjøl var med i byggekomiteen. Fint døme på gjenbruk av informasjon.

Ein av dei eldste denne kvelden, *Jacob Elde* på 86 år, sat i byggjenemnda og var med sette opp Nordfjordhytta. Han fortalde frå arbeidet med hytta og den seinare bruken av den og området. Det var så mange flinke og bygningskyndige folk i komiteen, at det var ein fest å vera med som handtlangar, slik som han sjøl, sa han.



*Tre av dugnadsgjengen frå 1960 var med på feiringa; frå v. Åge Sunde frå Stryn (sat i finansnemnda), Maria Flølo frå Sandane og Jakob Elde frå Elde på sørsida i Ytre Nordfjord.*




Men før vi var komne så langt, hadde sjølvste *Arne Sølberg*, spelemann frå Nordfjord fortald om sitt møte med hytta, på åttitalet trur eg det må ha vore. Då var han mykje på hytta, i verste friartida, som han sa, og derfor ville han spele "Gamal bruremars fra Breim".



*.. og folk la innpå noko kraftig med god rjømegraut, spekemat og flatbrød, seinare kaffi og kaker, lefser og gombe frå Nordfjord.*



Leiaren i laget, Alf Reidar Dale, sa etter maten at rømmegrauten var som den skulle vere - så tung og feit i magen at du kunne danse rundt han. Han og Anny Solli overrekte ei gåve til hytta: eit innramma kart, eller rettare sagt utdrag frå tre kart som vart satt saman. Det viser kor den gamle hytta lå. Dei hadde vore der saman med Åge Sunde i 2006 og finne att tuftene fra hytta. Etter dette spratt Helga Ryssdal opp og supplerte gåva med originalen av eit fotografi frå den gamle hytta.



*Kranselag for hytta ved Aurevann i Lommedalen.*

Arne sølvberg spela meir. Hytta her kan ha æra for fleire elevar ved folkehøgskulane i heimbygdene, meinte han og spela "Framtidsvon", eit bestillingsverk til konfirmasjonen heime.

Og korleis hadde vi det så, etter talene og musikken? Spelemannen sa det vel han, han hadde prøvd å få med seg sonen fra Oslo opp på hytta denne kvelden, men det var nå so at det ikkje passa heilt, han hadde no tenkt på noko anna, då.. Vi var i 60-års alderen dei fleste av oss, vi som er aktive i laget og ringen. To barn av pionerane var allikevel komne opp, men dei var no rundt 50 begge, så det blir jo mest same generasjonen. Vi hadde det vel bra, vi? Vi har det bra heile tida vi, trur eg. Vi har det vel så gildt at vi ikkje forsvinn og overlet hytta og laget til dei yngre. Dei må finna seg ein annan stad å vere. Det er særst hyggeleg for oss at vi stadig møtes og er med og driver laget, men samtidig gnager det kanskje litt ein stad der inne fordi vi ikkje heilt veit korleis det skal bli etter oss. Vi skal vel klare å kreke oss opp til 75-års jubileet, men hvem skal arrangere festen for oss? Framhald er viktig. Ein treng nokon å gje tinga vidare til og så takke for seg. Det skal verte spanande.

Denne gangen var Astrid Gjørven, Anny Solli, Dagfinn Aa, Asmund Hage og Åge Sunde i komiteen. Alle saman har namn som startar med A eller Å! Sånn er det i dette laget. Grauten var god og stemninga likeså.

*Det duskregna, men så blei det opphald eit lite bel og då rakk vi å kaste på blink med hesteko, slik som tradisjonen er på hytta. Det var ein med namn på Aa som vant. Og så var det kaffi og til og med blaute kaker. Det var gildt. Her ser vi bl.a. Arne Sølvberg (t.v.) og Maria Flølo (t.h.) følgje med på Asta Hovland Heggen si hestekokasting*



*Anny Sollid og Dagfinn Aa syner fram jubileumssmilet.*



*Tekst: Per A. Rinde, som skal ha skylda om noko er feil referert.  
Alle bileta er tekne av Alv Reidar Dale.*